



Peder Sjo Slettebø tek ikkje attval og held difor ikkje fram som ordførar etter valet i september.

**Det vart i kveld på Formannsskapsmøte gjord kjend at Peder Sjo Slettebø ikkje er Høgre sin ordførarkandidat likevel og at han med dette ikkje held fram som ordførar etter valet i september. Det var ei uventa avgjer for alle, ei sjokkmelding i det politiske miljøet og ut mot veljarane. Kva gjer Høgre no etter at lista er innlevert og godkjend. Gunn Mari Moberg frå Uskedalen har vore leiar i nominasjonsnemnda. Sjå hennar kommentar under.**

Peder Sjo Slettebø skriv på Facebook no i kveld at han gjer dette etter mykje motstand og personleg kritikk i det politiske miljøet. Han har i nokre saker vorte hardt kritisert for motiv, framgangsmåte og handlingar. Nokre har stilt spørsmål med kva verkemeidlar som er nytta. Nokre har gått så langt at ein har trekt i tvil hans demokratiske sinnelag.

Han skriv vidare at etter alt som har skjedd den siste tida, så er hans integritet trekt i tvil. Dette kan han ikkje leva med av omsyn til partiet Høgre, sine nærmaste og han sjølv. Med dette som bakgrunn ynskjer han ikkje å halda fram som ordførar, om valresultatet og forhandlingane hadde vorte slik i september.

***Tidlegare komunestyrerepresentant for Høgre, Gunn Mari Moberg, fortel til Uskedalen.no at det er trist at Peder ikkje tek attval. Han har vore ein god ordførar for kommunen. Peder Sjo Slettebø har gode kontaktar inn mot regjeringa. Han brenn for Kvinnherad, er ein dyktig polititar og ikkje minst godt likt av folket.***

Peder Sjo Slettebø har ved fleire høve hatt politiske oppdrag i Uskedalen. Uskedal utvikling har ved fleire høve hatt møte og drøftingar med ordføraren om aktuelle spørsmål som går på bygdeutvikling og tiltak i bygda. Han heldt 17.-mai-talen her i bygda i 2017, og han var talar på haustfesten i Uskedalen i 2018 ( Sjå bilete ). Likeins var han med på opninga av prosjektet Gull av grus.

Under ein av temakveldane med Jørn Øyrehagen Sunde i Uskedal kyrkje i 2017 gledde han publikum både med verbale og musikalske innslag. Han er også ein framifrå organist.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal

